



Referat

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato.: 8. november 2017

Styremøte 17. september 2017 - Leonardo Royal Hotel Berlin.

--

Til stades på møtet var: Harald Lie, Bodil Mannsverk, Finn Egil Adolfsen, Aud Fossøy, Tor Inge Eidesen, Linda Kristin Oppedal, Frode Alfarnes, Trude Soma Augestad, Tor Skeie Olsen og Romar Skeie Olsen.

Sak 44/17 **Godkjenning av protokoll frå tidlegare styremøte**

Vedtak

Protokoll er godkjent

Sak 45/17 **Open post**

NLT er invitert i møte med Landbruksdirektoratet, i lag med Departementet, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag i neste veke. Bakgrunnen for møtet er om ein skal opne opp for at andre enn bonden skal kunne søkje om tilskott til sjukdom.

Det vart og snakka litt om Norsk Landbrukssamvirket sine kurs for sine medlemmer.

Sak 46/17 **Rekneskap pr. 31.08.2017**

Frode Alfarnes gjekk gjennom dei viktigaste punkta pr. 31. august.

Driftsinntektene ligg nesten kroner 60 000 over budsjett.

Kursutgifter ligg litt under budsjett, men her er ikkje alle rekningar motteke endå.

Lønnsutgifter ligg litt under budsjettet. Nokre leverer framleis ikkje reiserekning innan fastsett frist på tre månader. Webtempprosjektet ligg litt over budsjettet, men ikkje med store summer. Det har vore stor aktivitet i organisasjonen i år og budsjett for reiser kjem til å gå over budsjettert beløp. Vi har pr. i dag ikkje fått faktura på kontingent frå Norsk Landbrukssamvirke. Denne er ikkje budsjettert. Styremøta vil gå litt over budsjettert beløp. Budsjettert driftsresultat for 31.08 er på kroner 1,7 millionar og i dag ligg vi an til eit driftsresultat på kroner 1,67 millionar.

Vedtak

Rekneskap pr. 31.08.2017 er teke til etterretning

Sak 47/17

Haustsamling

Kursprogram og program for haustsamlinga er sendt ut saman med påmelding. Nytt av året er at vi har erstatta «Tilsettes time» med valbare tema, då ein føler at denne timen ikkje har fungert godt nok.

Oppgåver under samlinga vart fordelt slik:

Dag1:

- ✓ Registrering: Linda Kristin Oppedal, Bodil Mannsverk og Aud Fossøy.
- ✓ Velkomen: Harald Lie ynskjer velkomen, medan Finn Egil Adolfsen seier litt om strategiplanen. Tor Skeie Olsen presenterer samarbeidspartane.
- ✓ Tillitsvaldes time: Styret fordeler seg på alle programpostane slik:
 - Tor Inge Eidesen: Val 4
 - Bodil Mannsverk: Val 2
 - Aud Fossøy: Val 1
 - Linda Kristin Oppedal: Val 6
 - Finn Egil Adolfsen: Val 3
 - Harald Lie: Val 5

Festmiddagen vert leia av Linda Kristin Oppedal. Kåring av Årets Avløyssar tek Harald Lie og Frode Alfarnes seg av. Frode Alfarnes og Aud Fossøy deler ut klokke til dei som skal ha klokke for lang og tru teneste. Det vert lagt opp til tilfeldig bordsete under festmiddagen.

Dag 2:

- ✓ Det vert ikkje gruppearbeid under programposten, strategi.
- ✓ Dagleg leiar samling vert gjort om til å gjelde alle tilsette. Frode Alfarnes og Aud Fossøy leiar denne programposten.
- ✓ Det vert eiga gruppe for Tillitsvalde som vert leia av Tor Inge Eidesen og Linda Kristin Oppedal.
- ✓ Styreleiar samling vert leia av Harald Lie og Finn Egil Adolfsen.
 - Dei ansvarlege under for styreleiar- tilsette og tillitsvalde samlingane sender ut e-post til dei som er påmeldt, der ein ber om ynskje om tema/programpostar.

Styret diskuterte plassering av haustsamling 2018, om vi skal fortsetje på Gardermoen eller flytte den til Stjørdal.

Eit anna moment som vart diskutert er fordeling av årsmøtereferatantar etter fylkessamanslåingane som kjem.

Vedtak

Vedtekne punkt vert innarbeid ved gjennomføring av haustsamlinga. Oppgåver under haustsamlinga er fordelt til kvart enkelt styremedlem.

Sak 48/17

Evaluering av Vårsamling

Tor Skeie Olsen orienterte.
Gode tilbakemeldingar.

Vedtak

Evaluering er teke til etterretning

Sak 49/17 **Strategiplan**
Finn Egil Adolfsen orienterte om status.

Styret konkluderte med følgende for vidare framdrift:

Det er viktig med forankring i organisasjonen i prosessen.
Finn Egil Adolfsen systematisera alle innspela frå vårsamling og spørjeundersøking innan 28. September.
Arbeidsutvalet og Finn Egil Adolfsen køyrer prosessen vidare framover i lag med Ola Jordhøy i Steg for Steg. Arbeidsutvalet og Finn Egil Adolfsen informerer resten av styret undervegs i prosessen. Tar saka vidare på styremøta i desember og februar.

Vedtak

Vi kjøper ekstern hjelp frå Steg for Steg til det vidare strategiarbeidet.
Arbeidsutvalet, Finn Egil Adolfsen og Ola Jordhøy i Steg for Steg, arbeider med strategiprosessen fram mot ein ferdig strategiplan.

Sak 50/17 **Lærlingordninga 2+2**
Harald Lie orienterte.

I Vestfold har prosjektet fungert godt, men vi har ikkje fått gode nok tilbakemeldingar på korleis det har gått i dei andre fylka prøveprosjektet har vore etablert. Kan ein 3+1 modell vere eit betre alternativ enn 2+2, der ein er lærling det 4. året?

Vi må ha fokus på fagbrev med praksis. Prøve å få NHO og Bondelaget til å fremja våre ynskjer og innspel i saka.

Prosjektet skal evaluerast av ei gruppe der blant anna NHO skal vera representert. Harald Lie sjekkar litt rundt denne evalueringsgruppa og om eventuelt NLT kan få kome med ei evaluering og.

Vedtak:

Administrasjonen hentar inn informasjon om evalueringa av heile utdanningsløpet, ikkje bare 2+2 prosjektet.
Vi skal synleggjera vår organisasjon sitt behov.
Vestfold Landbrukstenester vert kontakta om erfaringar frå prosjektet. Midlar til prosjektet er satt av og kan nyttast.

Sak 51/17 **Webtemp**
Frode Alfarnes og Trude Soma Augestad orienterte.

Bruken av løysinga er større blant dei laga som har hatt kurs til bonden og avløyseren.

Det er heilt klart at det er ein del lag som «sit på gjerdet og ventar». Desse laga må vi freiste å få inn på Webtemp. Vi ser at det etter kvart vert etterspurd krav frå det offentlege, som allereie er dekkja i Webtemp. Det er viktig at det er dei tillitsvalde som avgjer dette.

Vedtak

Prosjektperioden vert utvida med eitt år.

Sak 52/17

Orienteringssaker**A. Storingsval**

Harald Lie orienterte.

Kva kontaktar er ute, kven er inne? Har vi kjente som kjem inn som vi kan dra nytte av? Vi må vente og sjå til meir er avklart.

B. Innstikk Bondebladet

Tor Skeie Olsen orienterte.

Køyrer same storleik på innstikk som i vår, men ventar til etter haussamlinga. Årets Avløysar skal inkluderast i innstikket.

C. Messer

Bodil Mannsverk og Finn Egil Adolfsen har representert NLT på Balsfjordmessa. Det var ei god messe med bra opplegg og ein vart godt mottekne.

Administrasjonen har delteke på Agrisjå og Dyrsku'n. Standen til NLT var godt besøkt på begge messene og ein fekk snakka med både avløysarar og bønder. På begge messene hadde vi hjelp frå lokale lag, Landbrukstjenester i Sør-Trøndelag og Namdal Landbrukstjenester på Agrisjå og Landbrukstjenester Telemark på Dyrsku'n.

D. Fornyng av forsikringar

Frode Alfarnes orienterte.

Fornyng hjå Landbruksforsikring. Tilbodet er sendt ut til medlemslaga.

Vedtak

Orientering et teke til etterretning

Sak 53/17

Referatsaker**A. Årsmøte - Norges Bondelag**

Finn Egil Adolfsen refererte.

B. Møte NHOMD - bemanningsbyrå

Frode Alfarnes refererte.

C. Møte LV-ordning i departementet

Frode Alfarnes refererte.

D. Møte arbeidsgruppe - Arbeidstilsynet

Frode Alfarnes refererte.

E. Møte i APU

Frode Alfarnes refererte.

F. Landbruksvikarkurs for Hordaland/Sogn og Fjordane

Tor Skeie Olsen og Aud Fossøy refererte.

Sak 54/17

Eventuelt**Utval om førebygging av alvorlege dyretragediar**

Oppfølgingsmøte der Bodil Mannsverk deltek.